



Arkivnr: 2014/2-92
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		10.09.2015

Fullmakt til å godkjenne funksjonstillegg for kontaktlærer/klassekoordinator i fagskulen

Samandrag

Det er utarbeidd ein ny arbeidstidsavtale for Fagskolane i Hordaland som er gjeldande frå 01.08.2015 til 31.12.2017. I ny arbeidstidsavtale for fagskulane i Hordaland fylkeskommune har tidsressurs for klassekoordinator blitt vidareført frå tidlegare avtale. I tillegg har ei ordning med funksjonstillegg blitt formalisert. Funksjonstillegg for klassekoordinator ved fagskulane er ikkje ein lovfesta rett, og det vert difor tilrådd at rektorane ved fagskulane vert gjeve fullmakt til å gje funksjonstillegg innanfor aktuelle rammer.

Forslag til vedtak

1	Hordaland fagskulestyre tek gjeldande arbeidstidsavtale for Fagskolane i Hordaland til etterretning.
2	Rektorane ved fagskulane får fullmakt til å gje funksjonstillegg innanfor den ramma som til ei kvar tid gjeld i Hordaland fylkeskommune, og innanfor den økonomiske ramma som er tildelt Fagskolane i Hordaland.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Arbeidstidsavtale - Fagskolane i Hordaland
Fylkesrådmannen, 01.09.2015

Det er utarbeidd ein ny arbeidstidsavtale mellom partane som er gjeldande frå 01.08.2015 til 31.12.2017 (sjå vedlegg). Avtalen regulerer arbeidstid for undervisningsstillingane i fagskulen og er heimla i Hovudavtalen del A § 4-5 og protokoll KS 25. august 2006.

I ny arbeidstidsavtale for fagskulane i Hordaland fylkeskommune har tidsressurs for klassekoordinator blitt vidareført frå tidlegare avtale. I tillegg har ei ordning med funksjonstillegg blitt formalisert. Ved to av Fagskolane i Hordaland har det allereie vore praktisert å gje eit funksjonstillegg for klassekoordinator.

I høve avtalen vert klassekoordinator gjeven ein tidsressurs på 4,69 % (sjå punkt 7.1 i vedlegg). Vidare i avtalen vert følgjande stadfesta i punkt 9.1 om godtgjering av funksjon:

9.1 Godtgjering for funksjoner

Undervisningspersonale som tillegges midlertidige funksjonsoppgaver, kan gis et kronetillegg pr. år/måned så lenge de har slike oppgaver. Slik godtgjering kommer i tillegg til vedkommendes personlige lønnsfastsetting. Godtgjering for funksjonsoppgaver fastsettes i forhandlinger som kan delegeres til skolene når partene er enige.

Godtgjering for lokalt oppretta funksjoner fastsettes lokalt.

Godtgjeringen følger den enkelte arbeidstaker så lenge vedkommende har funksjonsoppgavene. Ved endring i funksjonsoppgavene eller skifte av innehaver, forhandles det om eventuelle endringer i godtgjeringen.

Ved uenighet om fastsetting/endring av funksjonsgodtgjeringen gjelder: Ved endring eller oppretting av nye funksjoner vedtas arbeidsgivers siste tilbud Ved skifte av innehaver (uten endringer) videreføres tidligere godtgjering Tilleggene er pensjonsgivende.

Godtgjering for kontaktlærertjeneste er kr. 20 000 pr. år. Rådgiver-/sosiallærertjeneste godtgjøres med kr. 24 000 pr. år.

Av di fagskulane ikkje følgjer opplæringslova, men fagskulelova, er det ikkje lovfesta oppgåver knytt til det å vere kontaktlærer/klassekoordinator. Ein klassekoordinator i fagskulen vil ha færre sosiale tilhøve å følgje opp i høve til ein kontaktlærer i vidaregåande skule. Ein klassekoordinator i fagskulen kan til gjengjeld ha andre oppgåver knytt til si rolle. Dette vil likevel variere i høve til storleik på klassane, og rektor ved den einskilde fagskule må kunna definera om stillinga er naudsynt og kor stor ein klasse må vere, før det vert gjeve eit funksjonstillegg.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at rektor får fullmakt til å gje funksjonstillegg innanfor den ramma som til ei kvar tid gjeld i Hordaland fylkeskommune, og innanfor den økonomiske ramma som er tildelt Fagskolane i Hordaland.